

EKSAMENSFORSIDE

Skriftlig eksamen med tilsyn

Emnekode: 6054	Emnenavn: Logistikk	
Dato: 09.05	Tid fra / til: 09.00 – 12.00	Ant. timer: 3
Ansv. faglærer: Per O M Isaksen		
Campus: Bø	Fakultet: Handelshøyskolen	
Antall oppgaver: 3	Antall vedlegg: 0	Ant. sider inkl. forside og vedlegg: 5
Tillatte hjelpemidler (jfr. emnebeskrivelse): Ingen		
Opplysninger om vedlegg:		
Merknader: Oppgave 1 teller 70 %. De to andre teller hver 15%.		

Kryss av for type eksamenspapir

Ruter Linjer

KANDIDATEN MÅ SELV KONTROLLERE AT OPPGAVESETTET ER FULLSTENDIG

Oppgave 1. Vekt 70%)

På Voss ligger det en mineralvannfabrikk, Hangur A/S, som vurderer om de skal utvide sortimentet med produksjon av øl: Vossabrygg. Det er rike tradisjoner for hjemmebrygging av øl på Voss, og Hangur har tenkt å bruke eksisterende oppskrifter kopla med moderne teknologi innen produksjon av nærings- og nytelsesmidler. Mineralvannet blir solgt dels via dagligvarebutikker til private husholdninger og dels til institusjoner innen offentlig og privat tjenesteyting. Så langt har markedet vært avgrensa til Voss og områda rundt, og du kan ha som utgangspunkt at de i første omgang distribuerer ølet på samme måte. Men det er et unntak. De har planer om også å produsere et øl som har for høy alkoholprosent til å bli solgt i dagligvarebutikker. Da er Vinmonopolet den eneste salgskanalen, i alle fall på forbrukermarkedet. Ledelsen i Hangur er usikre på om de skal sette i gang prosjektet og hvordan de skal legge opp arbeidet.

Du blir engasjert som rådgiver til å utrede et logistikksystem for salg av mineralvann og Vossabrygg, til forbrukerne via dagligvarebutikker, til Vinmonopolutsalg over hele landet og direkte til bedrifter/institusjoner i nærliggende områder. De ønsker også å lage en «ølhall» slik en ofte har i utenlandske bryggeri, hvor de serverer øl og mineralvann til besøkende. Du kan ta utgangspunkt i at de trenger følgende til produksjonen av ølet: Malt, som kommer i store sekker fra Tyskland. Kandissukker som også kommer i sekker. Gjæren kommer i kartonger og krever lagerrom med maks 10 grader. I tillegg trenger de brisk/einer/sprake som det vokser mye av på Vestlandet, og tørka humle som blir importert i kartonger fra Tyskland. Godt vann har en heldigvis rikelig av på Voss. Vannet trenger de også til produksjonen av mineralvann/brus. For ikke å lage diagrammet enda mer uoversiktlig kan du regne med tre råvarer i denne produksjonslinja: Kullsyregass, ulike smaksessenser og sukker (ingen sukkerfrie alternativ).

I tillegg til disse næringsmidla trenger en som råvarer emballasje og etiketter. De har tenkt å bruke de samme plastflaskene de bruker til mineralvann. Det innebærer at du dels må ta hensyn til at en trenger ny emballasje og dels at en må ha et system for retur av brukte flasker og kasser. I diagrammet som du blir bedt om å lage, må du tegne råvaresymbol for nye kasser, korker, flasker og etiketter. Du trenger ikke skille på returflasker og returkasser ("Returemballasje") i diagrammet. Selve emballeringsprosessen har flere elementer: vasking av tomflasker, tapping, påsetting av korker og etiketter samt det å sette de fulle flaskene opp i kasser. En forenkla framstilling av selve bryggeprosessen er slik. En blander ingrediensene med vann i et såkalt meskekar og varmer massen opp til passende temperatur. Etter en stund siles faststoffa ut og væsken (vørteren) fylles over i en tank for gjæring. Du kan rekne at det er på denne tanken ølet står til det er ferdig til å bli tappa på flasker jf prosessen nevnt over. Sterkølet gjærer noe lenger enn det som kan selges i dagligvarebutikkene

Lag et flytdiagram for et logistikksystem for produksjon og salg av Vossabrygg og mineralvann til forbruker- og bedriftsmarkedet på Voss og området rundt, og for sterkølet også via Vinmonopolet. Kommenter diagrammet. Ta de forutsetninger du finner nødvendig.

Oppgave 2. (Vekt 15%)

Hvis Hangur skal distribuere produkta sine videre enn til nærområdet, må de tenke enda mer på hvordan de skal legge opp distribusjonsdelen av logistikksystemet.

- Gjør greie for de viktigste beslutningene Hangur A/S må ta i forbindelse med utforminga av distribusjonsdelen av et logistikksystem som tar sikte på å dekke hele

Norge. Legg hovedvekta på å vurdere depotløsninger eller ikke, og vurder om postponement er aktuelt for Hangur.

Oppgave 3. (Vekt 15%)

Hangur har flere leverandører de får råvarer fra. Noe de har vurdert er om de skal knytte nærmere relasjoner til leverandørene. Gi råd om hvordan du mener Hangur bør gå fram i en slik vurdering.

Oppgåve 1. Vekt 70%)

På Voss ligg det ein mineralvatnfabrikk, Hangur A/S, som vurderer om dei skal utvide sortimentet med produksjon av øl: Vossabrygg. Det er rike tradisjonar for heimebrygging av øl på Voss, og Hangur har tenkt å nytte eksisterande oppskrifter kopla med moderne teknologi innan produksjon av nærings- og nytingsmiddel. Mineralvatnet blir selt dels via daglegvarebutikkar til private husholdningar og dels til institusjonar innan offentlig og privat tenesteyting. Så langt har marknaden vært avgrensa til Voss og områda rundt, og du kan ha som utgangspunkt at dei i første omgang distribuerer ølet på same måte. Men det er eit unnatak. Dei har planar om også å produsere eit øl som har for høg alkoholprosent til å bli selt i daglegvarebutikkar. Då er Vinmonopolet einaste salskanalen, i alle høve på forbrukarmarknaden. Leiinga i Hangur er usikre på om dei skal sette i gang prosjektet og korleis dei skal leggje opp arbeidet.

Du blir engasjert som rådgivar til å utgreie eit logistikksystem for sal av mineralvatn og Vossabrygg til forbrukarar via daglegvarebutikkar på Voss, til Vinmonpolutsal over heile landet og direkte til bedrifter/institusjonar i nærliggande område. Dei ønskjer også å lage ein «ølhall» slik ein ofte har i utanlandske bryggeri, kor dei serverer øl og mineralvatn til besøkande. Du kan ta utgangspunkt i at dei treng følgjande til produksjonen av ølet: Malt, som kjem i store sekkar frå Tyskland. Kandissukker som også kjem i sekkar. Gjæren kjem i kartongar og krev lagerrom med maks 10 grader. I tillegg treng dei brisk/einer/sprake som det veks mykje av på Vestlandet, og tørka humle som blir importert i kartongar frå Tyskland. Godt vatn har ein heldigvis rikeleg av på Voss. Vatnet treng dei også til produksjonen av mineralvatn/brus. For ikkje å lage diagrammet enno meir uoversiktleg kan du rekne med tre råvarer i denne produksjonslina: Kolsyregass, ulike smaksessensar og sukker.

I tillegg til disse næringsmidla treng ein som råvarer emballasje og etikettar. Dei har tenkt å bruke dei same plastflaskene dei bruker til mineralvatn. Det inneber at du dels må ta omsyn til at ein treng ny emballasje og dels at ein må ha eit system for retur av brukte flasker og kasser. I diagrammet som du blir beden om å lage, må du teikne råvaresymbol for nye kasser, korkar, flasker og etikettar. Du treng ikkje skilje på returflasker og returkasser ("Returemballasje") i diagrammet. Sjølve emballeringsprosessen har fleire element: vasking av tomflasker, tapping, påsetting av korkar og etikettar og det å sette dei fulle flaskene opp i kasser. Ei forenkla framstilling av sjølve bryggjepsessen er slik. Ein blandar ingrediensane med vatn i eit sokalla meskekar og varmar massen opp til høveleg temperatur. Etter ei stund silast faststoffa ut og væska (vørteren) fyllas over i ein tank for gjæring. Du kan rekne at det er på denne tanken ølet står til det er ferdig til å bli tappa på flasker jf prosessen nemnd over. Sterkølet gjærar noko lenger enn det som kan seljast i daglegvarebutikkane.

Lag eit flytdiagram for eit logistikksystem for produksjon og sal av Vossabrygg og mineralvatn til forbrukar- og bedriftsmarknaden på Voss og området rundt, og for sterkølet også via Vinmonopolet. Kommenter diagrammet. Ta dei føresetnader du finn naudsynt.

Oppgåve 2 (Vekt 15%)

Om Hangur skal distribuere produkta sine vidare enn til nærområdet, må dei tenkje enda meir på korleis dei skal leggje opp distribusjonsdelen av logistikksystemet.

- Gjør greie for dei viktigaste avgjerdene Hangur A/S må ta i samband med utforminga av distribusjonsdelen av eit logistikksystem som tek sikte på å dekkje heile Noreg.

Legg hovudvekta på å vurdere depotløyisingar eller ikkje, og vurder om postponement er aktuelt for Hangur.

Oppgåve 3. (Vekt 15%)

Hangur har fleire leverandørar dei får råvarer frå. Noko dei har vurdert er om dei skal knytte nærare relasjonar til leverandørane. Gi råd om korleis du meiner Hangur bør gå fram i ei slik vurdering.